

Gisle Mjøs  
Hesthaugen 149  
5936 Manger

12.01.2014

Radøy Kommune  
Radøyveien 1690  
5936 Manger

## Dispensasjon utskiljing av tomt i LNF område

Søkjer med dette om å få dispensasjon frå LNF område for å skilje ut ein bustadtomt på Øvre Tveiten gardsnr. 40 bruksnr. 3 i Radøy kommune. Sjå vedlagte skisser.

Marit Tvedt Ervik er grunneigar av eigedommen. Ho og mannen hennar Åsmund Ervik dreiv gard på eigedommen fram til 2002. Garden er ikkje lenger i drift og det er ingen dyr på garden. Dyrka mark på eigedommen har blitt nytta av nabo, medan udyrka mark delvis har vorte nytta som beite til sauer som høyrer til same nabo.

Underteikna Mette Ervik Mjøs er oppvaksen på garden som den yngste av tre sysken og ynskjer no at hennar framtid med familie skal bli på Tveiten og i Radøy kommune.

Eigedommen 40/3 er vurdert saman med grunneigar og plassen der vi ynskjer å skilje ut bustadtomt er vurdert som den best eigna plassen for ny bustadtomt på eigedommen. Dette med tanke på å gjera minst mogeleg inngrep i naturen. Ynskja bustadtomt ligg i udyrka område og det vil ikkje gå ut over dyrka mark på eigedommen.

Det er allereie skilt ut ein bustadtomt og bygd ein bustad på eigedommen. Denne har gardsnr. 40 og bruksnr. 20. Tomten vi ynskjer utskild ligg nært denne, og vi kan derfor bruke delar av allereie eksisterande veg. Eigar av 40/20 er varsla og har ingen innvendingar mot verken bustadtomt eller at vi bruker deler av eksisterande veg.

Bustadtomten ligg slik at tilkomst ikkje blir gjennom 40/20 eller 40/3 sitt tun og heller ikkje slik at ein får eit felles tun. Dette gjer at dersom det seinare skal drivast gard på eigedommen 40/3 kan området vi ynskjer bustadtomt på lett gjerdast inn. Bustadtomten vil heller ikkje vere noko hinder for allereie eksisterande driftsbygningar på eigedommen 40/3.

Befolkninga på Tveiten består i stor grad av eldre folk så eit nytt hus med forholdsvis unge folk med små born vil bidra til å halde liv i bygda. I dag er det berre to småbarnsfamiliar på Tveiten!

Det har blitt skild ut bustadtomt på naboeigedommen 40/19. Denne er ikkje bebygd.

Når vi kjem så langt at vi skal byggje hus på tomten planlegg vi å byggje slik at det blir lite synlig frå hovudveg, og slik at det går mest mogeleg i eitt med eksisterande terreng.


Vatn og elektrisitet har vi tenkt å kople oss på ved riksveg. Sjå vedlagte skisser. Til kloakk og avløpsvatn har vi tenkt å bruke Biovac.

Vi håper kommunen ser det positivt at vi vil busetja oss på Tveiten og gir oss eit positivt svar.

Med helsing

Mette Ervik Mjøs      Gisle Mjøs

Mette Ervik Mjøs og Gisle Mjøs



+

Hellandsvegen

Påkoblingspunkt vatn og elektrisitet

Veg

Bustadtomt

40/20

Bustadtomten er teikna inn som ca 1850m2



Kartverket, Geovekst, Nordhordland digitalt, kommunar og Norge digitalt-partnar